



Mange flinke gitaristar på konserten. Her er Karsten H. Bjørnebøle, Jonathan Taranger og Sander Ø. Eikenes saman med lærar Ingvald Nilsen-Nygaard.

Kulturskolen er no inne i ei rekkje med 4 førjulskonsertar. Det vert arrangert tre slike konsertar i konsertsalen på kulturskulesenteret på Husnes, og i tillegg var det i kveld konsert i Rosendal samfunnshus der elevane frå Uskedalen og innover i kommunen var aktørar. I tillegg har det vore både juleballett og konsert med strykarane på Husnes.



Flinke dansegrupper ramma inn konserten med fleire nummer i starten og fleire på slutten.

På kveldens konsert i samfunnshuset fekk vi oppleve heile breidda frå heilt unge elevar som starta opp i haust, til veteranar med mange års kulturskulefartstid. Det var elevar på mange ulike instrument som gitar, song, piano, messinginstrument, fiolin og trommer, og det var store dansegrupper. Til saman var det over 70 aktørar som framførte 22 nummer.

Mangfaldet og variasjonen i programmet gjorde det til ein flott konsert. Regien var svært god, og det er imponerende å få unnagjort ein så stor konsert på ein time og tju minutt. På dette området er kulturskulen særdeles dyktige, og i tillegg hadde dei ein konferansier som er kjend for å få ting til å gli godt unna; - kultursjef Kristian O. Bringedal.

I konserten var det mange høgdepunkt både frå dansarar, songar og muskarar. Derfor kan eg ikkje nemna alle. Eg tar berre med at eitt av dei stod uskedalingane Torbjørn Haugland(piano) og Nils Rainer Vågen(euphonium) for då dei framførte It's a small world. Då eg hørde stykket, slo det meg at kanskje Nils Rainer har eit førebilete som er visedirigent i skulemusikken og heiter Julie Skeie Olsen?

I tillegg til dei to nemnde var det blant alle dei flinke elevane, mange frå Uskedalen: Selma Ovidia Guddal Tarberg(jazz/moderne og piano), Merethe Myklebust(jazz/moderne), Ingrid Klyve(piano), Sander Andreas Øye Eikenes(gitar), Karsten Huse Bjørnebøle(gitar), Jonathan Taranger(gitar), Anja Måkestad Smith(kornett), Emma Måkestad Smith(piano), Simon Taranger(gitar) og Jaran Jensen Eide(gitar).

Alle dei vel 70 elevane som deltok, kan vera stolte av det dei presterte. Stolte kan også lærarane deira, foreldre og mange fleire vera!



Torbjørn Haugland på flygel og Nils Rainer Vågen på euphonium hadde ei flott framføring.



Dei unge kornettistane Solfrid B. Ulvestadbakken, Anja Måkestad Smith, Frida Steffensen og Maria Trovik Awazge kom flott frå konserten.



Uskedalsjentene Emma Måkestad Smith og Selma Ovidia G. Tarberg hadde ei flott framføring av Glade jul.



Kari Eide har vore elev i mange år og er blitt dyktig på fiolinen.



Lærer Mauritius frå Brasil, Jaran Jensen Eide, Simon Taranger, Åshild Bjørnebøle, Eivind Bjørnebøle og lærar Ingvald framførte 3 flotte nummer.



Dei yngste dansarane var sjarmerande flinke.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland